

Opa Form AS
Postboks 84 Måseskjæret
5841 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16932 - 20/66994

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 323/32

Tiltak: Etablering av avkjørsle for einebustad
Byggestad: Fagerbakken – Gbnr 323/32
Tiltakshavar: Andreas Hveding Aubert og Eline Furukawa
Ansvarleg søker: OPAFORM v/ Marina Bauer

Delegertsak nr.: 1131/20

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for etablering av einebustad datert 13.10.2020.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

På eigedom gbnr 323/32 er det planlagt å føre opp frittståande einebustad. Tomta ligg i regulert område der avkjørsle frå kommunal veg ikkje er regulert inn. Det er lagt opp til ei carport for to kjøretøy, samt areal til å snuareal på eigen grunn. Einebustaden er plassert i austre del av tomta. I nordaustre del er det teikna inn snuhammar i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Vurdering/drøfting:

I samband med førehandskonferanse har kommunen gitt melding om at det må leggast til rette for snuhammar på tomta for å sikre at at kjøretøy kan snu i enden av kommunal veg. Det er i dag ikkje etablert snøopplag i Fagerbakken. Dette mefører at det, i perioder, kan ligge store snømengder inn mot tomta. Ei snuhammar i enden av kommunal veg kan løyse dette problemet.

Etablering av einebustad vil ikkje meføre stor auke i trafikkmengde. Kommunen har i førehandskonferans gitt melding om at krav til avkjørsla vil vere etter gjeldande regelverk. Tomta sin utforming kan gje utfordringer ved etablering av snuhammar og avkjørsle frå denne. Det er viktig at avkjørsla vert opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle frå offentleg veg.



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning vil gje løyve til avkjørsle frå kommunal veg på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til avkjørsel frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner skal være etablert ihht krav gitt i Vognnormal N100. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vognnivå. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsla.
- Svingradius i avkjørsle vert sett til $R = 4$ meter.
- På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm. Etter dette bør stigning/fall i avkjørsle ikkje overstige 1:8.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsør med ei diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Opa Form AS	Postboks 84	5841	BERGEN
Opaform	Måseskjæret	Postboks 84	5841

Måseskjæret
Postboks 84
Måseskjæret